

Kvalitet i den 5-årige lektorutdanninga. Lektorutdanninga i realfag.

Nedanfor følgjer svar på dei målepunkta som FUL etterspør.

Inntakskvalitet

- *herunder gjennomsnittspoeng og spredningen for opptatte studenter (skolepoeng)*

I 2011 var det 65 som fikk tilbod og svara ja. Vi har ikkje oversikt over skulepoenga. Gjennomsnittet av konkurransepoenga var 53.8 (54.4). Lågaste poengsum var 48.7 (47.2) og høgaste poengsum 63.8 (61). Statistikk utarbeida av SVT fakultetet over møtte studentar gjev eit gjennomsnittet av karakterpoenga på 47.3 (47.6), lågaste 41.4 (36.3) og høgaste 55.2 (58.2). Alle tala i parantes er frå 2010. Gjennomsnittet av karakterpoenga på dei som møter har vore rimeleg stabilt dei 3 siste åra, men spreininga målt i variasjonsbreidde er betydeleg mindre i 2011 enn i dei to føregåande åra. Inntakskvaliteten må seiast å vere god.

Undervisningskvalitet

- *herunder effekt av og vidare behov for tiltak som sikrer lærerstudentidentitet gjennom hele studiet (både lærerrelevante arbeidsformer og skolerelevante tema)*

Realstartopplegget hausten 2011 blei svært vellukka. Frå og med hausten 2011 blei det gjennomført ei endring i oppbygginga av studiet. Ex.paed blei flytta til 2. semester for å gje plass til informasjonsteknologi grunnkurs i 1. semesteret. I ei studentevaluering for studentar starta 2011 går det fram at studentane saknar eit programspesifikt fag i det 1. semesteret og at dei slit med motivasjonen for TDT4105-kurset i den form det har no. Det blir undersøkt om det er mogeleg å få til eigne øvinger for LUR-studentar i dette kurset. Det kan og styrkje lærerstudentidentiteten.

Vinteren 2011 gjennomførte LUR en større studentevaluering med god deltaking (ca. 50 %). Vi har planer om å følgje opp med ei mindre evaluering vinteren 2012. Med referanse til studentevalueringa 2011 framgår det at studentane er fornøgde med fagdelen i studiet og praksisperioden, rimeleg godt nøgde med fagdidaktikken men ikkje likegodt nøgde med pedagogikkdelen. I det vidare arbeidet med å sikre lærerstudentidentitet lyt vi og ta omsyn til nye rammeplanar som kjem i 2012 og skal implementerast frå 2013.

Programkvalitet

- *herunder faglig progresjon i programmene, fakultetets bidrag til at sluttkompetansemålene i nasjonale planer for lærer- utdanning (faglig-, didaktisk-, leder-, relasjons-, kommunikativ-, endrings- og utviklings- samt yrkesetisk kompetanse) nås, fakultetets bidrag til at sluttkompetansemålene i nasjonale planer for lærer- utdanning (faglig-, didaktisk-, leder-, relasjons-, kommunikativ-, endrings- og utviklings- samt yrkesetisk kompetanse) nås, i hvilken grad lektorutdanningen er forsknings- og praksisbasert, hvordan studentene oppfatter sitt læringsmiljø (i hht FUL-initierte læringsmiljø- undersøkelser)*

Statistikk utarbeida på fakultetet syner at omlag 50 % fullfører LUR-studiet på normal tid og at i overkant av 80% forblir NTNU-studentar sjølv om dei skifter program. Hovedsakeleg skifter studentane over til realfag bachelor, realfag master eller siv. ing. Nokon går og over til allmennlærerutdanninga på HIST. Ut i frå spørjeundersøkingar verkar studentane godt nøgde med den kompetansen som studiet gjev og at denne førebur dei til å takle endringar i skulen. Vidare seier

2/3 at dei meiner læringsaktivitetane er tilpassa føremålet med studiet. Vi har inntrykk av at studentane meiner læringsmiljøet er godt. Dei set og stor pris på det sosiale miljøet innad på LUR-studiet og generelt.

I 2010 ble det vedteke nye læringsmål for studieretningane. Det blei og sett i gong ein gjennomgang av studieplanane for å sjå i kva grad desse er i samsvar med læringsmåla. Resultatet av dette arbeidet er med i studieplanen for hausten 2011.

Resultatkvalitet

- herunder lektorstudentenes resultater sett i forhold til snittet i utvalgte emner

Strykprosent og snitt i nokre tidlege emner

	2009				2010				2011			
	Alle		LUR		Alle		LUR		Alle		LUR	
	stryk	snitt	stryk	snitt	stryk	snitt	stryk	Snitt	stryk	snitt	stryk	snitt
MA1101	21,2	2,7	7	2,8	21	2,9	12,2	3	27	3.1	18	2.9
BI1001	14,8	2,7	20	1,9	13,2	2,7	0	3,1	5	2.9	0	2.7
FY1001	30,3	2,4	28	2,2	19,1	2,5	19,5	2,1	19	2.4	37	2.0
KJ1000	11,3	3,5	3,7	3,5	21	3	5,9	3,7	10	3.7	4	3.7

Stort sett er det same trend i 2011 som vi har sett tidlegare år. Generelt gjer LUR-studentane det bra. Med unntak av faget FY1001 som har ein svært høg strykprosent i 2011 har LUR-studentane lågare strykprosent og eit snitt som er like bra eller litt betre enn resten av studentmassen.

Fråfall

- herunder frafall fordelt på studiets 10 semestre (i hht. kontinuerlige vurderinger av hva som kan og bør gjøres hhv sentralt og fakultetsvis)

Frafall pr. år. Fra 1. okt - 30. sept.					
	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år
Kull - 2003	10 %	34 %	37 %	37 %	49 %
Kull - 2004	20 %	34 %	43 %	46 %	54 %
Kull - 2005	25 %	31 %	36 %	44 %	53 %
Kull - 2006	23 %	40 %	43 %	45 %	48 %
Kull - 2007	34 %	42 %	50 %	50 %	
Kull - 2008	8 %	26 %	32 %		
Kull - 2009	26 %	33 %			
Kull - 2010	12 %				

Det er vanskeleg å få ei god oversikt kva grunnen til fråfallet er, men vi har starta eit systematisk arbeid med å registrere når og kvifor studentane fell frå. Størstedelen av fråfallet skjer dei to første åra. Over 60% av dei som sluttar går over til andre studieprogram ved NTNU. Mange vel overgang til bachelor- og master i realfag samt siv.ing. Vi vonar studentevalueringar kan gje oss nyttig informasjon om korleis vi kan arbeide for å redusere fråfallet.

Samfunnsrelevans

- *herunder grad av samsvar mellom studiefaget i den femårige lektorutdanningen og skolefaget i den femårige lektorutdanningen (evt. i form av kandidatundersøkelser)*

Studentene meiner at den faglege kompetansen er viktig og at den førebur dei til læraryrket. I følge studentevaluering meiner 9 av 10 at fagleg fordjuping er viktig for ein lektor, og fagleg fordjuping blir ofte trekt fram når ein ber dei beskrive styrken til ein lektor frå LUR. Dei meiner og at den faglege tyngda gjev dei ein tryggleik dei vil ha nytte av i undervisningssituasjonar.

I åra framover vil det vere eit stort behov for lektorar med solid realfagskompetanse. Det er difor gledeleg at vi har greidd å auke opptaket til studiet.

Rammekvalitet

- *herunder vurdering av rammer for spesielle tiltak for å sikre lærarstudentidentitet, vurdere den interne, fakultetsvise styringen av programmet inklusive ressurs-tilgangen mht økonomi og romkapasitet m.v.*

Studentane gjev tilbakemelding på at det å føle å tilhøyre eit kull og kontakt med andre lektorstudentar er viktig for lærarstudentidentiteten. Vi er difor glade for å ha eigne lesesalar for LUR-studentane frå studiestart. Så langt mogeleg er LUR-studentane og samla i egne øvingsgrupper tidleg i studiet.

Styringskvalitet:

- *herunder vurdering av den overfakultære styringen av programmet inklusive samspillet mellom instituttstyre, programråd, fakultetsstyre, FUL og Utdanningsutvalet.*

Studieprogramrådet til LUR har representantar fra alle dei involverte institutta, inkludert PLU, samt prodekanus for undervisning fra både IME- og NT- fakultetet. I tillegg har 5-LU koordinator ved PLU observatørstatus i programrådet. På fleire av institutta er LUR-studentane ei lita gruppe samanlikna med dei andre studentane på instituttet, så sjølv om instituttet er representert i programrådet er det ei utfordring å halde LUR og LUR-studentane synlege i fagmiljøet. Deltaking av prodekanane i programrådet sikrar god støtte på fakultetsnivå.